



Sluttnummeret på Husnes md 70 elevar på scena gjorde eit sterkt inntrykk. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Den siste av dei fem sommar-konsertane til kulturskulen, som vart halde i Kulturhuset på Husnes torsdag kveld, var ei imponerende mønstring av ung song-glede og musikalitet.



Fløyte og cello kling fint saman. Her spelar Siv Hanne Kjærland (Uskedalen, fløyte), Siri Skarsfjord (Dimmelsvik, fløyte), Anne Marthe Guddal Zimmer (Uskedalen, cello) og Katrine Yri Røssland (Uskedalen, cello) saman med lærar Kjell Skarsfjord. (frå venstre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Særleg var avslutningsnummeret egna til å gje nokon kvar ein klump i halsen. Då stod 70 elevar som kom frå heile strekninga frå Utåker til Dimmelsvik saman på scena og framførte "Vårsongen" under sikker leiing av Clive Anderson..

Dei oppfylte til fulle det som har vore temaet under opptakten til desse konsertane, nemlig samspel. Her var det ikkje mykje som skurra.

Men også det som vart prestert før denne imponerende avslutninga bar bod om det same som Rosendal-konserten dagen før: Det er mange talentar i kommunen og musikkskulen gjer ein god jobb når det gjeld å få dei fram i lyset og skolera dei.

Uskedelingane var ikkje overraskande godt representerte også under Husnes-konserten. Utan å nedvurdera dei andre er det grunn til å trekka fram messing-kvartetten Vegard Døssland, Kaja Døssland,, Ingvill Traavik, Sture og Thomas Halvorsen. Dei spela to nummer og fekk det til å svinga skikkeleg i samspel med rockebandet "The Amps", som kjem frå Husnes/Valen-området. Dei presenterte også ein lovande sjølvkomponert låt som dei slåande nok hadde kalla "Get high".

Med det vanlege atterhaldet om at nokon kan vera gløymt var det elles desse uskedelingane som spela i konserten – i ymse spanande konstallasjonar: Siv Hanne Kjærland (fløyte), Katrine Yri Røssland (cello), Anne Marthe Guddal Zimmer (cello), Lars Andreas Sæbø (messing), Hans Fredrik G. Zimmer (messing), Jostein Bauge (messing) og Magnus Bu (gitar).

Av Ola Matti Mathisen



Uskedelingane Vegard Døssland, Kaja Døssland, Ingvill Traavik Sture og Thomas Halvorsen spela saman med "The Amps" og det svinga skikkeleg. (Foto: Ola Matti Mathisen)